



Situasjonsplan illustrert av LJB AS

VARSEL TIL NABOAR OG HØYRINGSINSTANSAR SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING

REGULERINGSPLAN FOR HALDEPLASSEN - KALDESTAD

Reguleringskarta: 20060012b, 20060012d og 123820110003

Føresegner: 20060012e og 123820110003a

FARTØYVERNSENTERER

Kommune Kvam herad

Forslagsstillar: Hardanger og Voss museum

Plankonsulent: Geoplan AS

Prosjekt: LJB AS og Geoplan AS

12.05.2022

INNHALDSLISTE

VARSEL OM MINDRE REGULERIGNSENDRING	1
FRAMLEGG TIL MINDRE REGULERINGSENDRING	1
A. Formål med mindre reguleringsendring	1
B. Planområdet og verknader utanfor planområde	1
C. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak	2
D. Utbygging volum og byggehøgder	4
E. Funksjonell og miljømessig kvalitet	4
F. Tiltakets verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnadar	5
G. Mindre reguleringsendring i høve til gjeldande planstatus	7
H. Vesentlege interesser som vert råka av mindre reguleringsendring	13
I. Korleis samfunnstryggleik vert teke i vare, mellom anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit	13
J. Offentlege organ og andre interesserte som varslast om mindre reguleringsendring	13
K. Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynder, grunneigarar, festalar, naboar og andre råka	13
L. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing	13

VEDLEGG

1. Illustrasjon av plankart sett i høve til gjeldande planar – framlegg til mindre endringar.
2. Illustrasjon av føresegner sett i høve til gjeldande føresegner - framlegg til mindre endringar.
3. HFS – offentleg infrastruktur – skildring 12052022.
4. Plankart – Framlegg til mindre reguleringsendring
5. Føresegner - Framlegg til mindre reguleringsendring.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERIGNSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

VARSEL OM MINDRE REGULERIGNSENDRING

Geoplan AS søker på vegne av Hardanger og Voss museum om mindre reguleringssendring for gjeldande reguleringsplan Haldeplassen – Kaldestad.

Tiltakshavar: Hardanger og Voss museum

Planleggjar: Geoplan AS /LJB AS

De vert som naboar og høyringsinstansar med dette varsla om søknad om mindre reguleringssendring

Innspel som kan ha innverknad på, eller vera av interesse for planarbeidet, skal sendast til Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Kvam herad for handsaming.

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 31.05.2022

FRAMLEGG TIL MINDRE REGULERIGNSENDRING

A. Formål med mindre reguleringssendring

Føremålet med reguleringssendringa er å tilpasse og justere regulerte forhold til ny overordna plan for Fartøyvernssenteret som inkluderer gjennomføring av tilrettelegging for publikumsparkering til museet og offentleg gangveg gjennom området. Reguleringsendringa er å sjå på som ei ommøblering av området. Kommunen har vidare kome med ønske om at vi også oppdaterer planen til å samsvare med kommuneplanen sin arealdel i sjøen og rettar opp manglande samsvar mellom kart og føresegner i gjeldande regulering.

B. Planområdet og verknader utanfor planområde

Til tross for at det små endringar i høve til byggjeområda og strandvegen, så har vi teke med alle desse for å kunne rette opp manglande samsvar mellom kart og føresegner gjeldande regulering og flytte på byggjelinjer. Vi har og teke med tomt F13 (Lærlinghuset) for å legge inn bustadformål her, som samsvarer med gjeldande arealdel til kommuneplanen og ny-ombygde bygging. Når det gjeld bekken, er område som tidlegare var regulert med friområde i sjø og vassdrag og friområde på land, no foreslått regulert samla som «blågrønnstruktur». Dette for å gjere grensene mellom bekk og kantsoner meir fleksibel. Formålet med å tilrettelegge bekken som ei god blå-grøn sone vert ivaretakke og området har fått føresegner. Område ved Solheimsverkstaden er med, ikkje fordi det er endringar, men for å få heile området som fartøyvernssenteret disponerer med på felles plankart. I sjøen er område utvida til småbåthamn i kommuneplanen sin arealdel (SBH30) teke med. I dette området er det allereie etablert molo med landgang. Områdeavgrensinga er såleis avgrensa til dei områda som vert disponert av Hardanger Fartøyvernssenter pluss del av F13 (Lærlinghuset), gangvegsystem gjennom området, bekkeløp og veggtilkomst til området med snuplass for besøkande turistbussar og parkeringsplass for personbilar. Nytt er vidareføringa og påkopling av gangvegen (Strandvegen) med regulert og utbygd gang- og sykkelveg langs fv 49 på Kaldestad.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD



Fig. 2: Omsøkt område for mindre reguleringsendring. Planområdet er på 26,9 daa (svart stipla strek) inkludert sjøareala. Bruene er regulert «over grunn» (blå strek).

C. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak

Ein har fått offentleg støtte til å realisere det nye publikumsbygget ved Fartøyvernsenteret (Kulturnaustet). Hardanger og Voss museum ønskjer og å få på plass eit nytt materiallager inne på verftsområdet (Handverkartunet), sør for bekken. Ved gjennomføring av desse to prosjekta ønskjer ein samtidig å få ferdigstilla og offentleg gangveg gjennom området (Strandvegen), gangveg langs bekken og ny samankopling mellom desse og GS-vegen langs fylkesvegen. For å få ein god flyt og intuitiv organisering av museumsområdet, har ein flytta publikumsparkeringa (P2) bort frå handverkartunet (verkstadområdet) og mot den nye hovudinngangen til museet i Kulturnaustet (publikumsbygget). Det er også sett av plass til at besøkande bussar skal kunna snu på trafikksikker måte på enden av veg 5. Den kommunale pumpestasjonen som skal etablerast snarleg er flytta bort frå hovudinngangen til museet. Alle tiltak planlagd, utan samanhengande gangvegsystem, er i tråd med innhald i gjeldande regulering. Mindre reguleringsendring er påkravd, ettersom me flytta på formåla internt i området. Mindre reguleringsendring skal tilrettelege for å sy saman den offentlege infrastrukturen og museumsområdet på ein formålstenleg måte.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD




Fig. 3: Skisse over dei forskjellige tiltaka ein ønsker realisere. Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD




Fig. 4: Situasjonsplan for området der ein ønskjer oppgradering og nye tiltak. Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.

D. Utbygging volum og byggehøgder

I framlegg til mindre reguleringsendring vidarefører volum (BYA og TU) i eksisterande regulering inn i reguleringsendringa. Byggehøgdene (BH) vert og stort sett vidareført som dei er i gjeldande regulering. For Kulturnaustet (F14 i gjeldande regulering - A3a i framlegg til reguleringsendring) vert byggehøgd (BH) for vestre del av området senka frå kt. +18,5 til kt. +13 som samsvarer med gjeldande høgde for austleg del på tomta. I område for materiallageret (Handverkartunet i verkstadområdet) har me sett ny byggehøgd til kt. + 16, som samsvarer med høgdene lenger nord på F13. Linjene for byggehøgdene på F13 tomta (Lærlinghuset) er justert litt slik at dei skal samsvare med justert tilkomstveg og eksisterande bygg på tomta. Byggehøgder er uendra i F13 området. Endringar i område med bygg er elles i form av at me justerer og tilpassar byggegrensene noko i høve til eksisterande tilhøve og sikrar utsikt til bustadbygg i nord, på Kulturnaust-tomta (A3a) og hindrar tiltak på naturleg strand i A2 området.

E. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Området skal tilretteleggjast for publikum til og drift av Hardanger Fartøyvernssenter. Det er vidare ønske om å tilrettelegge dei offentlege areala med fullføring av strandvegen og opne for gjennomgang av området frå fylkesvegen til strandvegen. Ein ønskjer restaurere bekkeløpet med kulpar og kantar som tilrettelegg for fisk og vegetasjonen og opna opp for leik, når tilhøva er rett for dette. Ein skal sanere gamle avløpsleidningar og kommunen skal etablere ny pumpestasjon som koplar området på det nye reinseanlegget på Notanes i Øystese.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

F. Tiltakets verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnadar

Prosjekta under utvikling, tilpassar seg byggestrukturen i området og tek opp tradisjonell byggeskikk i den nye arkitekturen. Dei nye prosjekta vil oppgradere området og tilrettelegge området for alle.



Fig. 5: Nytt publikumsbygg med offentleg plass framom og nedtrapping til sjøen er under prosjektering.

Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.



Fig. 6: Strandvegen og kulturnaustet sett frå nordaust. Bak er det nye materiallageret under prosjektering og plassering av den kommunale pumpestasjonen synleg. Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD



Fig. 7: Strandveg langs bekken, plass og publikumsparkering framom det nye publikumsbygget. Gangveg, pumpestasjonen og tilsetteparkering bak/oppå nytt lagerbygg sett frå vest. Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.



Fig. 8: Bekkeløpet. Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD



Fig. 9: Samanhengande gangveg fra fylkesvegen, gjennom området og ned til Strandvegen.

Illustrasjon er utarbeida av LJB AS.

G. Mindre reguleringssendring i høve til gjeldande planstatus

Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2030, vedteken 08.10.19 gjeld.

Framlegg til mindre reguleringssendring oppgraderer gjeldande regulering til å samsvare med Kommuneplanens arealdel. Det er noko justeringar rundt endepunktet på strandvegen som ligg delvis ute i SBH12. SHB12, SBH30. SBH30 og OPT28 er inkludert i sen heilskap. Sørleg del av BKF1 er også inkludert for å rette formålet i tråd med kommuneplanen. Støysone vert videreført inn i reguleringssendringa som omsynssoner for støy.




Fig. 10: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel. Kjelde: <https://kart3.nois.no/kvam/>

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

Del av området ligg innanfor reguleringsplan PlanID 20060012 Haldeplassen - Kaldestad

I den gamle planen ligg det inne eit område for offentleg parkering over bekken. Dette området ønskjer me flytte bort frå bekken og inn på eksisterande parkeringsplass framom Kulturnaustet. Parkeringsplassane skal vera opne for publikum til Hardanger fartøyvernsenter. Vi har gjort om parkerings formålet til byggeformål, då det ikkje er ønske om at denne parkeringsplassen skal vera offentleg (kommunal) eigd. Utan denne endringa vil vi flytte litt på dei forskjellige funksjonane for å få ei heilskapleg, tilgjengeleg og praktisk løysing av området. Kravet om parkeringsplassar til Fartøyvernsenteret er dobla i føresegndene. Formålet er oppdatert til gjeldande reguleringsrettleiar.




Fig. 11: Del av området ligg innanfor reguleringsplan PlanID 20060012 Haldeplassen – Kaldestad, markert med turkis strek i illustrasjonen. Kjelde: <https://kart3.nois.no/kvam/>

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

Del av området ligg innanfor reguleringsplan PlanID 20060012d Haldeplassen - Kaldestad

Endringa av området vart vedteken Kvam hardstyre 02.13.15. Vi ønskjer i stor grad vidareføre denne planen men har lagt inn nokre korrigeringar slik at plankart og føresegner samsvarar. Fortau og tilkomstveg er skyve litt på.

Pumpestasjonen K2 er flytta mot aust etter samråd med tekniske tenester i Kvam herad. Det er lagt inn avgrensing på formåla langs strandvegen, slik at det vert klart definert kva som gjeld for kva område i føresegnene. Bekk og FRI3 området er slått saman til eit felles blågrønnstruktur. Byggeline på F14 (A3a) er justert slik at bustader i F11 området får sikra utsikt til fjorden over F14 (A3a) området. F14 området har endra namn til A3a og A3b som er i samsvarer med formålet. Byggehøgd i vest i F14 området er redusert frå 18,5 meter til 13 meter, som samsvarer med byggehøgda aust i området. Austleg del av same området strandvegen (Gv1-5 og GV3) er med for å rette opp i gjeldande reguleringsplan (avgrense formålsområde til å samsvare med føresegner).




Fig. 12: Del av området ligg innanfor reguleringsplan PlanID 20060012d Haldeplassen – Kaldestad, markert med turkis strek i illustrasjonen. Kjelde: <https://kart3.nois.no/kvam/>

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

Del av området ligg innanfor reguleringsplan PlanID 123820110003 Haldeplassen - Kaldestad

Endringa av området vart vedteken Kvam hardstyre 04.102011. Planen vert vidareført. Det vert lagt inn offentleg gangveg frå området aust for plangrensa og opp til gang- og sykkelvegen langs hovudvegen. Gangvegen ligg i regulert A1 området i gjeldande regulering. Vi ser ikkje at det er nødvendig å endre føresegner til områda inkludert i reguleringsendringa. Viser til turkis markerte føresegner i framlegg til mindre endra regulering.




Fig. 13: Del av området ligg innanfor reguleringsplan PlanID 123820110003 Haldeplassen – Kaldestad, markert med turkis strek i illustrasjonen. Kjelde: <https://kart3.nois.no/kvam/>

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

Mindre endring av reguleringsføresegner

Vi har teke utgangspunkt i føresegne sak 102/11 den 04.10.2011 med mindre reguleringsendring i føresegne §§ 2.2.10 og 3.17.4.a. i sak 033/15 den 05.05.2015. Reguleringsføresegner som gjeld plankart og føresegner i DRAD 217/18 den 08.08.2018 er teke inn. Desse er markert med turkis illustrasjon av føresegner - framlegg til mindre endringar er markert med gul farge. Under kommenterer vi endringane visualisert, paragraf for paragraf i vedlegg 2:

§ 1

Før var formålet samla «gangveg-/sykkelveg/fortau». Dette er no delt i to formål for å imøtekome gjeldande sosi-koder:

- Sosi-kode 2012 fortau. Fortau er merka i reguleringskart med SF
- Sosi-kode 2016 gangveg/gangareal/gågate. Desse er merka som i gjeldande regulering med GV pluss nr.

Før låg bekk og park i kvar sine formål, i framlegg til endring smalar vi desse i blågrønstruktur sosi-kode 3002.

Eldre regulering hadde ikkje omsynssoner. Vi innfører omsynssoner for støy og kulturminne for å vidareføre omsyn som ligg i gjeldande planverk.

§ 2

§ 2.2.4 Feltnamn er skifta til A3a for å samsvare formål. Det vert nytta sosi-kode 1169, Anna offentleg eller privat tenesteyting. Dette er uendra i høve til gjeldande plankart for området.

§ 2.2.5 Dette rekkefølgjekravet er teke bort etter som utbygging er gjennomført.

§ 2.4.3 og 2.4.4 er endra til å samsvare med fasadar bygd. Å få på plass publikumsretta funksjonar i bakgatene var vel å sjå på som ein utopi i senterutviklinga. I åra som har gått er det ikkje praktisert å legge opp til publikumsretta funksjonar i desse sidegatene i sentrum. Føresegna gjeld og vert vidareført for hovudgata (Handlegata) gjennom sentrum.

2.8.2 Parkeringsdekninga til Fartøyvernsenteret vert overført frå offentleg parkering til byggjeområda. Kravet vert meir enn fordobra frå 25 til 54 plassar.

2.10 Denne føresegna er det ønske frå planavdelinga i kommunen om å fjerne, då den er utdatert i høve arealdelen til kommuneplan.

§ 3

§ 3.14 Denne føresegna er endra i samsvar med nyleg vedteke bruksendring på eigedomen og i samsvar med arealdelen til kommuneplanen. Bustadformålet er forsterka med bruk av sosi-kode 1802 bustad/forretning/kontor.

§ 3.15 Byggjeområdet F14 har fått nyt namn A3a og A3b. Rekkefølge krav tilknytt dette arealet er teke bort ettersom tiltaket er gjennomført.

§ 3.16 Denne føresegna er endra for å tilpasse seg «ommøbleringa» av området. Rekkefølge krav tilknytt dette arealet er teke bort ettersom tiltaket er gjennomført.

§ 4 har ingen endringar.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

§ 5

5.2 Ettersom plankartet ikkje inkluderer fylkesvegen, har vi ikkje innbakt denne nyaste føresegna paragraf 5.2. Det er såleis ikkje endringar.

5.3 og 5.4. Tekst «rv» for riksveg er endra til «fv» for fylkesveg, ettersom vegen er gradert ned frå riksveg til fylkesveg i ettertid.

5.5 Offentleg veg med oppramsing av mange små sidegater. Tidlegare reguleringsendring har teke bort fortau og kantparkering i stor grad. Tekst er såleis endra til å samsvare med gjeldande reguleringskart.

5.7 Som nemnt under endringar i §1 er sosi-kode på gang- og sykkelveg/parkering vorte endra til å samsvare med endra sosi-mal og gjeldande bruk av areala.

5.7.4 Føresegn er lagt til, ettersom dette feltet mangla føresegn i gjeldande reguleringskart slik at kart og føresegn samsvarer.

5.8 Arealet vart flytta ved reguleringsendring i 2015. Føresegn er retta og ei setning er stroken, slik at kart og føresegn samsvarer.

5.9 Namn på området er retta, slik at det skal samsvare med gjeldande reguleringskart.

5.10 Ny føresegn, då eldre offentleg gangveg (GV) som var utan oppdeling no er delt inn i fleire områder med kvar si nummerering. Dette delområdet var tidlegare ein del av GV1-5. Ordlyden er meir spesifikk og gjev rom før ønska bruk.

5.11 Offentleg gangbru. Ny føresegn med same forklaring som over. Det er i dag to bruer over bekken. Desse var ikkje innregulert då det ikkje var aktuelt etter gamal planstandard. I framlegg til mindre endring er bruene regulert inn på nivå over grunn, i tråd med sosi-standard.

5.12 og 5.13 - GV8 og GV9 er nye føresegner for offentleg gangveg i forlenging av regulert gangveg. Desse er etablert for å knyte strandvegen saman med GS-veg langs fv. 49. Det er lagt opp til at arbeidarar ved verftet kan parkere i dette området. Trafikken på gangvegen vert då konsentrert til arbeidsstart og arbeidslutt og vil i liten grad kome i konflikt med dei forbi passerande turgåarane som nyttar den nye gangvegen.

5.14 Det manglar føresegn til fortau i gjeldande planverk. Vi har innarbeida føresegn mntbvgzqa

i framlegg til mindre reguleringsendring.

§ 6 er utan endringar.

§ 7

§ 7.1.3 Vi har integrert molo med landgang i føresegna. Molo er gjeve løyve til i avslutta byggesak og er bygd.

§ 8 er utan endringar.

§ 9 er utan endringar.

§ 10

10.1 Paragrafen er ny. I denne har vi lagt inn Grøntstruktur - formålet «blågrønstruktur» sosi-kode 3002.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

§ 11

Ettersom vi nyttar ny sosi-rettleiing har vi innført omsynssoner i plankartet og desse må få sine rammer.

§ 11.1 gjeld raud støysone (H210) tilsvarende den i arealdelen til kommuneplanen.

§ 11.2 gjeld gul støysone (H220) tilsvarende den i arealdelen til kommuneplanen.

§ 11.3 gjeld gjeve omsynssone kulturminne (H570) som er ei vidareføring av vern av bygg med kulturhistorisk verdi, i A2 området.

H. Vesentlege interesser som vert råka av mindre reguleringsendring

Bygningane til den gamle Solheimsvekkstaden er i SEFRAK- registeret. Dette har fått bygningsvern i gjeldande reguleringsendring og i kommuneplanen sin arealdel. Dette bygningsvernet vil vidareførast i reguleringsendringa.

Tilgjengelegheta og tilkomst for alle (til og gjennom) området vert vesentleg betra. Parkeringsdekninga vert større.

Parkering vert med HC parkering vert lokalisert nær hovudinngang til museet. Bekken vert restaurert som blågrønstruktur.

I. Korleis samfunnstryggleik vert teke i vare, mellom anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit

Det er ingen områder for naturfare registrert innafor planområdet.

Tryggleik er i vareteke i gjeldande planverk. Det vert ikkje utarbeida ROS-analyse ved mindre reguleringsendring.

J. Offentlege organ og andre interesserte som varslast om mindre reguleringsendring

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland Fylkeskommune
- Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Statens Vegvesen
- Kystverket

K. Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynder, grunneigarar, festalar, naboar og andre råka

Vi har hatt fleire møter med naboar om vidareutvikling av området. Vi har hatt oppstartsmøte med Kvam herad.

Vanleg lovpålagd prosess, jf. pbl. § 12–8 Oppstart av reguleringsplanarbeid.

Mindre reguleringsendring med brev til alle naboar og råka fagmynder. Det vil då verta moglegheit til å koma med spørsmål og innspel til planarbeidet. Vi ser i møte ein invitasjon frå dei varsla, om å legge fram dette flotte prosjektet som byggjer vidare på tettstadsutviklinga i Norheimsund. Viser til vedlagd skildring av prosjektet vedlegg 3.

L. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing


Det vert vurdert at planforslaget vert i tråd med gjeldande kommuneplan for Kvam herad. Mindre reguleringsendring er å sjå på som ei ommøblering av området. Det er difor vurdert at konsekvensutgreiing for planområdet ikkje er naudsynt.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD

VEDLEGG 1 – ILLUSTRASJON AV PLANKART I HØVE TIL GJELDANDE SITUASJON


MINDRE REGULERINGENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR HALDEPLASSEN – KALDESTAD



Vedlegg 1 figur 1: Framlegg til indre reguleringsendring, sett i høve til grunnkartet.

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD




Vedlegg 1 figur 2:

Skisse til nytt framlegg sett i høve til reguleringsplan for Haldeplassen Kaldestad PlanID 20060012, vist med rosa strek

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD




Vedlegg 1 figur 3:

Skisse til nytt framlegg sett i høve til reguleringsplan for Haldeplassen Kaldestad PlanID
20060012d

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD




Vedlegg 1 figur 4:

Framlegg til mindre endring sett i høve til avgrensning av reguleringsplan for Haldeplassen
Kaldestad PlanID 123820110003

NABOVARSEL

SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING HALDEPLASSEN - KALDESTAD



Vedlegg 1 figur 5:

Omsøkt framlegg til mindre endring sett i høve til arealdelen til kommuneplanen for Kvam (grøn strek)